



Rosendal musikklag klar på scenen i Grieghallen i går.

**Å oppleve NM for brassband i Grieghallen er heilt spesielt! Hos meg kallar det også fram minne etter å ha opplevd den ekstatiske stemninga i Bergen si storstove fredag og laurdag. Det heile vart krydra ved at Kvinnherad sin einaste deltakar, Rosendal musikklag, spela betre enn eg nokon gong har høyrte dei!**

Under dirigent Paul Hughes imponerte Rosendal-korpset med ei flott framføring konkurransenummeret sitt, The Saga of Haakon the Good av Philip Sparke. Flott klang, god intonasjon og svært gode musikarar på ulike stemmer. Svært kjekt var det å oppleve det flotte euphoniumsspelet til unge Julie S. Olsen som så seint som i fjor var hjelpedirigent i Uskedal skulemusikk. Eg høyrde 4 av dei konkurrerande korpsa i 5.divisjon, og rangerer Rosendal framfor alle dei. Eg trur dei hamnar svært høgt oppe!! Og dersom det vert delt ut solistpris/instrumentpris i divisjonen, har dei eit svært sterkt kort i esskornettist Nick Hughes(busett på Tysnes og er med i alle 3 Sunnhordlandskorpsa). Eg opplever han som ein tryllekunstnar som musikar.

Elles bøyer eg meg i støvet for Sagvåg og Tysnes som konkurrerer i 2.divisjon med det høge nivået som er der. Stemningen i Grieghallen desse dagane er umogeleg å førestilla seg utan å ha opplevd det. Særleg laurdag var det ekstatisk med stort sett full sal heile dagen. Då Manger musikklag innleia delen med sjølvvald nummer i elitedivisjonen, var det kjåka fullt. Verkeleg kamp om plassen. Fansa til toppkorpsa var på plass. Jubel og applaus larma så det var rart at taket ikkje letta før og etter dei fantastiske musikkframføringane. Brann må spela godt den komande fotballsesonen for å framkalla tilsvarande stemning på stadion!



Slik såg det ut då Manger fekk langvarig ståande applaus. (Han som sit er frå Stavanger)

I dei nyttefulle stundene eg hadde i stolane i Grieghallen, kom minna frå 31 år tilbake sigande. Uskedal musikklag hadde fått ny, ung og dyktig dirigent, Yngve Nikolaisen. Han fekk inspirert laget til å delta i NM for første gong. Den gangen måtte alle i divisjonen spela same pliktnummer. I 3.divisjon var det Partita av Edward Gregson. Slik vi hugsar det var det forferdeleg vanskeleg med kinkige rytmar. Fint fekk vi det ikkje til å låta, men vi øvde og terpa. På generalprøven i Rosendal var første gang vi kom oss gjennom heile stykket utan stopp. Første laurdagen i februar 1986 var den historiske augneblinken komen. Vi entra den store scenen i Grieghallen. Proppfulle av sjølvtilitt og rutine var vi ikkje. Yngve såg ut som han hadde full kontroll og fullstendig ro. Det gjekk bra!! Vi kom gjennom Partita for andre gang utan stopp!! Fornøgd gjekk vi på by'n og shoppa. Med god støtte frå ein del musikantar med auge for det stilige, hugsar eg at eg kjøpte meg ny, grå frakk. Om kvelden fekk dei debuterande uskedelingane oppleve ein fantastisk, ja, mest uverkeleg, festkonsert før kveldens absolutte høgdepunkt. Resultata! Spenninga var på det absolutte bristepunktet. Vi sat langt framme på stolane då presidenten gjorde klart til å lesa opp resultatata. Spenninga vart utløyst på sekundet!! Uskedal musikklag var første korps som vart lese opp. Vi vart sist. Presidenten starta nederst på lista. Men tru ikkje at vi var taparar! Vi snudde det til siger og hadde ein flott kveld.



Uskedal musikklag like etter debuten i NM, våren 1986.

Dei påfølgjande sesongane hausta musikklaget frukter av all jobbinga med Partita. Dessverre var dei så vakne på Tyneses at dei sikra seg Yngve Nikolaisen som musikkskulerektor. Dermed var han tapt for oss, men han hadde sådd eit viktig frø i korpset. Vi fekk svært dugande dirigentar i Kjartan W. Olsen og Per Olav Paulsen, og det vart mange konkurransar i Bergen, i Haugesund, i Tønsberg og på Grenland. Mange kjekke opplevingar! Det absolutte høgdepunktet opplevde vi under ein konkurranse i Bergen. Der opplevde vi også den lengste spenninga. Då to korps stod att i resultatopplesinga, var det Rosendal og Uskedalen. Det vart dobbelsiger med Rosendal først. Aldri trur eg nokon har gått så fort med foten i gips som eg gjorde då eg skunda medg på scenen for å henta pokal og diplom!! Då dei to korpsa var midtjords med ferja på veg heim, vart vi møtt av fans med roser, og den påfølgjande mandagen måtte vi stilla til stort intervju i lokalradioen. I desse åra hadde vi mange dyktige, unge, tilreisande instruktørar på seminara, ofte unge studentar. Desse treffer vi igjen på NM. Mange som dirigentar for gode korps. Reid Gilje har i mange år vore hovuddirigent i Norges beste korps Eikanger Bjørsvik musikklag. Arvid Anthun har sett Sogn og Fjordane på korpskartet,. I NM dirigerte den 30 år eldre utgåva, med litt gråsteng i håret, gode Jølster musikklag.

Biletet over er henta frå debutsesongen vår i NM. Rett nok er det seinare i sesongen, truleg ein konsert i Rosendal. Kanskje er det den konserten der vi gjorde videoopptak, men gløymde å plugga i mikrofonen. Stumfilmen vart ikkje særleg populær. Vi ser at 8 av dagens medlemmer er med. Vi ser Svein A. Sunde på solokornett og på bakrekkja ser vi Bjørgulv Eik, Einar Gjertsen og Audun Eik. Gunnvald Friheim og Thor Inge Døssland er på tuba, Lars Myklebust på euphonium medan Knut Stensletten sit på trombone som no. Kven som har teke biletet, er ukjent.

Vi gjer kjent resultatet til Rosendal når det er klart seinare i kveld.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland(direkte frå Grieghallen)